



Forum Arkitekter AS
Damsgårdsveien 16
5058 BERGEN

Referansar:
Dykkar:
Vår: 18/744 - 18/10094

Saksbehandlar:
Tonje Nepstad Epland
tonje.epland@radoy.kommune.no

Dato:
22.06.2018

Byggesak gbnr 45/188 Manger - bruksendring til barnehage, ombygging, fasadeendring og opparbeiding av uteareal - dispensasjon, rammeløyve og unntak frå TEK17 - melding om vedtak

Saka vart handsama av Hovudutval for plan, landbruk og teknisk i møte den 13.06.18, der følgjande vedtak vart fatta:

Det vert gjeve dispensasjon og rammeløyve til bruksendring til barnehage, ombygging, fasadeendring og opparbeiding av uteareal som søkt om på følgjande vilkår;

- 1. Barnehagen skal gjerdast inn slik at den ligg skjerma frå den delen av bygningen som er i bruk av Radøy interkommunal busenter.*
- 2. Det må sikrast skjerming mellom busenter og barnehagen. Skjerming kan gjerast med levegg og/eller beplanting med vintergrøne plantar.*
- 3. Det må planleggjast for avbøtande tiltak for å sikra gangtilkomst for mjuke trafikantar frå fylkesvegen til inngangen til barnehagen i sør før søknad om igangsetjingsløyve.*
- 4. Det må ligga føre løyve til utvida bruk av avkjørsle til kommunal veg før søknad om igangsetjingsløyve.*
- 5. Det må ligg føre godkjenning frå Arbeidstilsynet før søknad om igangsetjingsløyve.*
- 6. Saman med søknad om igangsetjingsløyve må det sendast inn oppdatert erklæring om ansvarsrett for PRO brannkonsept i samsvar med gjennomføringsplan.*

Grunngjeving for vedtaket går fram av saksutgreiinga.

Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 20-1 a, c, d og l og § 19-2 jf. §§ 11-6 og 12-4 og naturmangfaldslova §§ 8-12.

Saka vert sendt Fylkesmannen i Hordaland og Statens vegvesen for klagevurdering.

Saksutgreiing med vedtak er vedlagt.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Byggesak Gbnr 45/188 Manger - bruksendring til barnehage (Solhall), ombygging, fasadeendring og opparbeiding av uteareal - Dispensasjon, rammeløyve og unntak frå teknisk forskrift

Eksisterande plan

Eksisterande fasader

Ny plan

Snitt

Snitt

Fasader

Søknad om rammeløyve

Situasjonsplan eksisterande

Situasjonsplan ny

Landskapsplan

Byggesak Gbnr 45/188 Manger - Rammeløyve - barnnskille, lydskille, fasadeendring og bruksendring - søknad om dispensasjon

1+SV+_148368.pdf

18_98911-2Uttale - Bruksendring - Dispensasjon frå byggjegrænse - Gnr. 45 bnr. 188 Manger - Radøy kommune

Byggesak Gbnr 45/188 Manger - Rammeløyve - brannskille, lydskille, fasadeendring og bruksendring - fritak frå Tek.

Mottakarar:

Forum Arkitekter AS	Damsgårdsveien 16	5058	BERGEN
Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	BERGEN
Ingrid Didriksen			
Statens vegvesen Region vest	Askedalen 4	6863	Leikanger

